

Administrativ organisering og fordeling av oppgåver.

Prinsipp for fordeling av tenestetilbod bør vere at Vanylven, Selje, Vågsøy kommune er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommune skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar, fortrinn, sterke sider og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet. Samarbeidet om samanslåing skal vera prega av likeverd, raushet og forståing for kvarandre sitt utgangspunkt.

Organiseringa av kommunen skjer med basis i ein kombinasjon av desentraliserte rådhusfunksjonar og servicetorg i Måløy, Fiskå og Selje. Måløy blir definert som kommunesenter, Fiskå og Selje som Kommunedelsenter.

Kommunen blir organisert som 2-nivå modell med rådmannsnivå og i oppstart 37 tenesteområde.

Kommunane skal vidareutvikle heilelektroniske tenester der innbyggjarane, skal kunne få tilgong til kommunale teneste gjennom opplysningar på heimeside, elektroniske søknadsskjema oa elektronisk kommunikasjon. I tillegg skal servicesentra ha kompetanse på å veilede og hjelpe innbyggjarane med opplysning om tenester, søknader oa.

Rådhusfunksjonar som skal ligge i kommunesenteret er:

1. Ordførar
2. Rådmann
3. Kommunalsjefar
4. Fagstab (Jus, oppvekst, helse, beredskap, innkjøp og informasjon)
5. Økonomisjef og personalsjef
6. Overordna plan- og utviklingsarbeid
7. Tenesteområde service – post/arkiv

Ved vurdering av plassering av rådhusfunksjonar mellom kommunesenter og kommunedelsenter, må det leggjast vekt på kor teneste blir utført mest effektiv og med høg kvalitet.

Det er ei målsetting i starten å ha ei fordeling av administrative arbeidsplassar på 40-30-30 mellom Vågsøy, Selje og Vanylven. Det gjeld ei «fredningstid» på 4 år etter samanslåingsdato på dette.

Det er vesentleg å ha ei fordeling av administrative kommunale arbeidsplassar i alle dei 3 sentra med tanke på å ivareta lokale arbeidsplassar og vekstimpuls.

Dei 3 servicesentra lokalt vert organisert i eit felles tenesteområdet under leiar for Tenesteområde service i Måløy.

Funksjons- og tenesteinndeling



Først når ei slik nivåinndeling er gjort, så kan ein drøfte tenestetilbodet på dei ulike nivå og med bakgrunn i denne nivåinndelinga følgjer følgjande fordeling av tenestetilbodet.

Når det gjeld tenesteområde så har vi følgjande geografisk oversikt i kommunane dag:

| | |
|----------------|--|
| Heimeteneste: | Stadlandet, Selje, Sone Nord, Sone Sør, Område Fastlandet, og Område Vågsøy |
| Barnehagar: | Leikvang, Selje, Flatraket, Rovde, Syvde, Fiskå, Åheim, Holvik, Skramsmarka, Skavøypoll |
| Skular: | Statlandet (b/u), Selje (b/u), Flatraket (b), Syvde (b/u), Fiskå (b), Åheim (b/u), Vågsøy (u), Skavøypoll, Bryggja, Holvik, Skram og Raudeberg |
| Bibliotek: | Stadlandet, Selje, Syvde, Åram, Rovde og Måløy |
| Omsorgssenter: | Seljetunet, Fiskå helse- og omsorgssenter og OS Kulatoppen |

Det kan vere naturleg å definere fleire tenesteområde med geografisk inndeling i ei ny storkommune. Eg er litt usikker på om sjukeheim/omsorgssenter skal definierast som tenesteområde, dette sidan desse omsorgssentra dekkjer heile den tidlegare kommuna sitt geografiske område. Teneste som dekkjer heile den tidlegare kommuna sitt geografiske område, har eg plassert under "delsenter", men vi kan kanskje finne eit anna namn for "delsenter". Dette kan vere ei inndeling med tre store geografiske tenesteområder:

- Tenesteområde for heile Vågsøy
- Tenesteområde for heile Selje
- Tenesteområde for heile Vanylven

| Funksjonar - senter | Kommunesenter | Kommunedelsenter | Tenesteområde |
|-----------------------------|------------------|-------------------|---------------|
| Politisk leiing | X | | |
| Sentraladministrasjon | X | | |
| Fagstab | X | | |
| IKT | X | | |
| Økonomi, løn og personal | X | | |
| Overordna plan/utvikling | X | | |
| Teknisk , eigedom | X | | |
| Adm. Servicekontor/Post | X | | |
| Sentralbord | X | (Vanylven) | |
| Byggsakshandsaming | X | (Vanylven) | |
| Plan/utvikling og næring | X | (Selje) | |
| Forvaltningskontor | X | (Vågsøy) | |
| Flyktingetenesta | X | (Selje) | |
| Landbruk | X | (Vanylven) | |
| Adm. heimetenesta | X | | |
| Funksjonar - delsentar | Kommunesenter | Kommunedelsenter | Tenesteområde |
| Kulturadministrasjon | | X | |
| NAV | | X (sosial) | |
| Velferd | | X | |
| Flyktingetenesta | | X (Selje) | X |
| Rehabilitering | | X(Vanylven) | X |
| Legevakt | Interkomm | X(Vanylven) | |
| Næring/Kulturisme | | X Selje rådhus | |
| PPT | | X Vanylven | |
| Funksjonar - tenesteområde | Kommunesenter | Kommunedelsenter | Tenesteområde |
| Psykisk helse/rus | | | X |
| Renovasjon (NOMIL) | | | X |
| Havnevesen | | | X |
| Barnehagar | | | X |
| Barneskular | | | X |
| Ungdomsskule | | | X |
| Legekontor | | | X |
| Sjukeheim o.l. | | | X |
| Base helsestasjon | | | X |
| Fysio- og ergoterapi o.l. | | | X |
| Skulehelseteneste | | | X |
| Ungdomsskule | | | X |
| Vaksenopplæring | | | X |
| Bibliotek | | | X |
| Kulturskule | | | X |
| Teknisk drift, VA | | | X |
| Brann, feiing | | | X |
| Eigedom, | | | X |
| Heimeteneste, omsorgsbu. | | | X |
| Barnehage | | | X |
| Barneskule, SFO | | | X |